

EUROPEAN POLICYBRIEF

Forskninga som førte til desse resultatane, har fått finansiering frå forskings- og innovasjonsprogrammet Horizon 2020 i Den europeiske unionen under finansieringsavtale nr. 649263

Forfattaren står som einaansvarleg for innhaldet og representerer ikkje haldninga til Europakommisjonen. Kommisjonen er ikkje ansvarleg for bruk av data som kjem fram i dokumentet.

MOVE



KARTLEGGING AV MOBILITET – RUTER, INSTITUSJONAR OG STRUKTURELLE FØLGJER AV UNGDOMSMOBILITET

Den fyrste MOVE-policybriefen legg vekt på anbefalingar som er avleia frå den andre makroanalysen av europeisk ungdomsmobilitet, og på faktorar som fremjar og hindrar ungdomsmobilitet som er avdekt i dei kvalitative casestudiane av ulike mobilitetstypar

April 2017

INNLEIING

MOVE studerer ungdomsmobilitet i Europa ved hjelp av ei tilnærming som tar i bruk fleire metodar, for å sjå på korleis ein kan betre vilkåra for mobilitet, og korleis ein kan redusere negative konsekvensar av mobilitet. Dei viktigaste forskingsspørsmåla er: Korleis kan mobilitet vere bra både for den sosioøkonomiske og individuelle utviklinga til unge menneske? Kva for faktorar fremjar/hindrar slik positiv mobilitet?

Den fyrste policybriefen er basert på utvalde resultat frå den sekundære makrodataanalysen og på dei fyrste slutningane frå casestudie-analysen. Når det gjeld makrodataanalysen, er det teke omsyn til to større utfordringar: for det fyrste den generelt utilstrekkelege tilgangen til data og for det andre dei ulike fordelane til mobilitet blant medlemsstatar, på grunn av regionale og landsspesifikke forskjellar. Den kvalitative analysen avdekkjer den store variasjonen i måla og behova til unge menneske i samanheng med svært ulike mobilitetsområde. Denne policybriefen vil spesielt sjå nærare på kva faktorar som støttar og hindrar ei individuelt tilfredsstillande mobilitetsoppleving.

Analysane våre tyder på at det er behov for meir differensierte løysingar med tanke på dei respektive økonomiske situasjonane til medlemsstatane (når det gjeld dei kvantitative funna i den sekundære dataanalysen) og med tanke på dei ulike individuelle behova og måla til unge menneske (når det gjeld dei kvalitative funna). Fordi slutningane til begge forskingstilnærmingane vil bli knytte saman seinare i prosjektet, blir funna og anbefalingane presenterte separat nedanfor. Ei heilskapleg samanknytning av alle resultatata vil vere tema for den neste policybriefen.

BEVIS OG ANALYSE

Dei følgjande refleksjonar og anbefalingar er basert på utvalde resultat som har kome fram til no i MOVE prosjektet. For tida blir det arbeidd med teoretiseringar basert på analysane, og dette vil gje djupare forståing av ungdomsmobilitet og faktorane som påverkar slik mobilitet. Når ein triangulerer erfaringane frå dei kvalitative analysane med dei frå makrodataanalysen og den kvalitative spørjeundersøkinga, vil dette danne utgangspunkt for den neste policybriefen.

1. Kvaliteten og tilgangen til makrodata om ungdomsmobilitet for Europa

For å analysere europeisk ungdomsmobilitet frå eit makro perspektiv vart det gjennomført ein sekundær analyse for alle EU28/EFTA-landa for det siste tiåret (2004–2013). Analysen var basert på eit unikt sett med innsamla makrodata saman med resultat som svarar på MOVE-forskingsspørsmål, med vekt på forholdet mellom sosioøkonomiske makrofaktorar og europeisk ungdomsmobilitet.

Forskinga avdekte ein mangel på pålitelege og tilgjengelege data om ungdomsmobilitet i partnerlanda og Europa generelt:

- Fritt tilgjengelege migrasjonsdata frå Eurostat er berre tilgjengelege for den totale befolkninga. Det er ingen fritt tilgjengelege data for ungdomsmigrasjon via Eurostat sjølv om EU-medlemsstatar ber om slike data jamleg.
- Dei einaste tilgjengelege mobilitetsdataa for EU28/EFTA er for studentmobilitet, men dette gjeld berre ei velutdanna undergruppe av europeisk ungdom og ekskluderer andre typar mobilitet som er motivert av økonomiske omsyn og vanskar. Dessutan er dei tilgjengelege mobilitetsdataa forholdsvis gamle (i mars 2016 var dei nyaste tilgjengelege dataa frå 2012).


For å tilby ein unik database vart det difor oppretta ei samla vitenskapleg bruksfil (MOVE-SUF) om europeisk ungdomsmobilitet ved å bruke samanstilte data som er avleia frå ulike europeiske datasett («European Labor Force Survey» [EU-LFS] årlege filer, relaterte sosioøkonomiske indikatorar frå Eurostat og OECD). Under arbeidet med EU-LFS-filene oppstod det nokre utfordringar:

- delvis manglande data over observasjonstidsrommet
- avgrensa truverd for nokre land
- vanskeleg og langvarig tilgangsprosess via Eurostat
- mangel på ein påliteleg utreiseindikator for ungdomsmobilitet. Den ferdige utreise-/returindikatoren som er inkludert, har avgrensa forklaringsverdi. Samanliknbare utreiseindikatorar for ungdomsmobilitet med same kvalitet som innreiseindikatorane ville ha gjeve betre kvalitet på resultatet.

2. Sentrum–periferi-modell

Som eit fyrste steg for å oppdage landsmønster for europeisk ungdomsmobilitet vart det gjennomført klyngjeanalysar. Med tanke på rasjonaliseringar på individuelt nivå kunne ein bekrefte sentrum–periferi-modellen (Wallerstein 1974) ved hjelp av sosioøkonomiske makroindikatorar. Analysane avdekte to hovudklyngjer (figur 1): 1) sentrum-mottaksland og 2) periferi-utreiseland pluss Luxembourg og Noreg i ei tredje klyngje som avvik. Klyngjene samsvarar med den sosiale og økonomiske utviklinga til statane som er inkluderte (figur 1), og er stabile over tid (2005–2013), med unntak for Spania, som gjekk frå sentrum til periferi på grunn av den økonomiske krisa. I tillegg blei dei sosioøkonomiske ulikskapane mellom klyngjene reduserte i løpet av den observerte perioden. Det tyder at statane som er inkluderte, blei meir homogene generelt. Samanlikninga av mobilitetsindikatorane for begge klyngjene avdekkjer likevel at sentrum–mottakslanda hadde høgare innreiseproporsjon for ungdomsmobilitet, og at forskjellen i høve til periferien aukar i løpet av den observerte perioden, spesielt for langsiktig immigrasjon. Dette reflekterer betre levevilkår i sentrum-mottakslanda og «hjerneflukt»-problemet. Sentrum-mottakslanda har òg høgare proporsjon av tilflyttande studentar, men denne forskjellen blir mindre over tid. Resultata støttar landklyngjene på grunnlag av økonomiske, sosiale og statsrelaterte makroindikatorar med dei framstilte makrodataa om ungdomsmobilitet innanfor Europa. Alt i alt viser ulike former for aukande mobilitetsflyt at EU og medlemsstatane legg til rette for reell rørslefridom og gjev høve til fritt val av buplass innanfor det felles økonomiske området.

Figur 1: Landklyngjer



3. Mobilitetsmakrotypologi for EU-/EFTA-land

Makroresultata avdekte at det berre er nokre europeiske land som har fordel av langsiktig innreisemobilitet som fører til høgare økonomisk verdiskaping, medan andre misser menneskeleg kapital, spesielt når høgt kvalifiserte ungdommar flyttar utanlands («hjerneflukt»). I tillegg har nasjonale økonomiar nytte av unge menneske som kjem tilbake etter å ha skaffa seg kompetanse

utanlands. Den presenterte eindimensjonale sentrum–periferi-modellen dekkjer likevel ikkje heile kompleksiteten til fenomenet. Ein landtypologi som legg vekt på mobilitetsbasert skaping og utnytting av menneskeleg kapital vart difor utvikla som eit tillegg som fangar opp kor tvitydig og komplekst europeisk ungdomsmobilitet er. Til forskjell frå sentrum–periferi-modellen (som er basert på individuelle rasjonaliseringar) legg typologien vekt på dei kollektive rasjonaliseringane til nasjonalstatar i to dimensjonar:

- mobilitetsepisodar som i hovudsak fører til flytting eller utnytting av den menneskelege kapitalen til ungdom ved hjelp av langsiktig innreisande ungdomsmobilitet, utreisande studentmobilitet eller returnerande ungdomsmobilitet, og
- mobilitetsepisodar som i svært stor utstrekning skapar menneskeleg kapital i vertslanda (men ikkje brukar han) i form av kortsiktig innreisande ungdomsmobilitet eller innreisande studentmobilitet. Desse formene for mobilitet er hovudsakleg fordelaktige for opphavslanda til dei unge menneska.

Ein kombinasjon av begge dimensjonane resulterte i ein unik typologi av landmønster. Han indikerer om og i kva utstrekning ein forventar at eit land skal ha fordel av ungdomsmobilitetsflytar i Europa. Difor vart kvart land rangert på to dimensjonar som land som enten skapte meir eller mindre menneskeleg kapital, og som land der menneskeleg kapital enten blei flytta eller utnytta (sjå tabell 1 og figur 2). Typologien var basert på deskriptive analysar av samanstilte makroindikatorar for ungdomsmobilitet som er inkluderte i MOVE-SUF: 1) generelle proporsjonar for ungdomsmobilitet (kortsiktig innreise, utreise/return) og 2) proporsjonar for ungdomsmobilitet (innreise, utreise). For å fange opp nyare utviklingar (til dømes den økonomiske krise) er tabellen med fire panel berre basert på data frå 2009–2012/13. Alle EU-/EFTA-landa vart tildelte ein av dei fire typane avhengig av medianverdiane til kvar mobilitetsindikator som var inkludert. Viss medianen endra seg over tid, var dei nyaste verdiane avgjerande. Det var likevel ikkje mogeleg å definere enkelte land eintydig som éin type, eller dei hadde eigenskapar som endra seg i retning av ein annan type (til dømes Spania, Slovakia, Bulgaria, Portugal).

Mobilitetsfremjarar: Landa i denne undergruppa, hovudsakleg frå Aust-Europa, hadde låg frekvens av både skaping av menneskeleg kapital ved å fungere som vertar for utanlandsk, mobil ungdom på kort sikt og flytting eller utnytting av menneskeleg kapital ved å sende ungdom utanlands for studiar på lang sikt. Viss unge menneske frå desse landa reiser utanlands, gjer dei det fordi dei ikkje finn ein fordelaktig økonomisk situasjon i heimlandet. Desse landa har risiko for å oppleve kontinuerleg hjerneflukt.

Land som tapar på mobilitet: Denne høvesvis vesle gruppa av land kombinerer ein låg frekvens av langsiktig innreisemobilitet og returmobilitet med ein høg frekvens av kortsiktige innreisemobilitetsepisodar. Desse landa (til dømes Nederland og Belgia) brukar difor fleire ressursar enn før på utdanning av utanlandske studentar, men dreg ikkje tilstrekkeleg nytte av den menneskelege kapitalen som blir skapt. Sett frå eit nasjonalt økonomisk perspektiv kjem denne typen verst ut av alle dei fire landtypane: Ei vedvarande utvikling kan potensielt føre til kontinuerleg nedgang.

Land som dreg fordel av mobilitet: Land av denne typen er mindre involverte i å skape menneskeleg kapital ved å fungere som vertar for kortsiktig mobil ungdom, men er meir involverte i langsiktig mobilitet og utdanning frå andre land med høgare frekvens av returnerande og utreisande studentmobilitet. Desse landa dreg difor mest fordel av ungdomsmobilitetsflytar innanfor Europa. For nokre av tilfella i denne gruppa, til dømes Spania og Hellas, kan ein seie at dei tidlegare drog fordel av mobilitet, men no har dei ein tendens til å tape på mobilitet på grunn av ein synleg reduksjon i langsiktig innreisemobilitet i løpet av dei seinaste åra.

Mobilitetsutnyttarar: Desse landa (til dømes Tyskland og Noreg) er karakterisert av ein balansert proporsjon mellom langsiktig innreisande og kortsiktig innreisande ungdom, og dessutan ein høvesvis høg prosentdel av inn- og utreisande studentmobilitet og returmobilitet. Dei fleste landa høyrer til det velståande sentrum-mottaksklyngja, og til ei viss grad utnyttar dei ganske enkelt ungdomsmobilitet for flytting og utnytting av menneskeleg kapital. Dei bidreg likevel til å skape menneskeleg kapital for andre land og har òg teke imot mange kortsiktig innreisande ungdomar,

inkludert studentmobilitet.

Landtypologien beviser at eit eindimensjonalt perspektiv langs polane periferi og sentrum ikkje er tilstrekkeleg for å beskrive kor kompleks innsatsen for og resultatata av ungdomsmobilitet i Europa er.

Ein kan sjå på fordelinga av landa som ein konsekvens av den økonomiske krisa. Mot denne bakgrunnen kan ein tolke kapital som er skapt av ungdomsmobilitet, som eit kollektivt gode som blir skapt, flytta og utnytta økonomisk av dei respektive EU-medlemsstatane på svært ulike måtar.


Tab. 1: Mobilitetstypologi for EU-/EFTA-land

Typologien til landmønster for ungdomsmobilitet		Skaping av menneskeleg kapital ved å tiltrekke kortvarig innreisande / innreisande studentmobilitet	
		Mindre	Meir
Flytting eller utnytting av menneskeleg kapital ved å tiltrekke langvarig ungdomsmobilitet eller ha ein høg proporsjon av returnerande mobilitet og/eller utreisande studentmobilitet (ved bruk av menneskeleg kapital frå andre EU-land)	Mindre	Mobilitetsfremjarar: Polen, Romania, Slovenia, Finland, Bulgaria*, Slovakia*, Ungarn, Malta, Italia*	Land som tapar på mobilitet: Tsjekkia, Nederland, Belgia, Sverige*
	Meir	Land som dreg fordel av mobilitet: Latvia, Frankrike*, Estland, Hellas*, Spania*, Portugal*, Kroatia	Mobilitetsutnyttarar: Irland, Noreg, Tyskland, Kypros, Danmark, Storbritannia, Luxembourg, Austerrike

Udefinerte land på grunn av manglande data: Litauen, Island, Sveits

* Kategoriseringa av landet er ikkje eintydig. Landet har også eigenskapar frå dei tilgrensande typane.

Figur 2: Mobilitetstypologi for EU-/EFTA-land



4. Påverknadssfaktorar og aktørar – fyrste kvalitative funn

Dei følgjande avsnitta er baserte på dei fyrste funna frå den kvalitative forskinga som er gjennomført i MOVE (WP 3).

Den kvalitative studien omfattar analysane av seks ulike typar mobilitet (studentmobilitet, frivillig arbeid på tvers av grenser, sysselsetjingsmobilitet, mobilitet i yrkesopplæring, elevutveksling og gründermobilitet) basert på kvalitative intervju med unge mobile menneske og ekspertar frå seks deltakarland (Tyskland, Ungarn, Luxembourg, Noreg, Romania og Spania). Kvar mobilitetstype har gått gjennom ein grundig tandemanalyse som er utført av to partnarar frå to land. Resultata er difor nær knytte til dei respektive nasjonale kontekstane til dei utvalde landa.

Studentmobilitet innanfor høgare utdanning

For forskning på studentmobilitet innanfor høgare utdanning vart Luxembourg og Ungarn valde. Det er store kontrastar mellom dei to landa: Medan Luxembourg har nesten 100 prosent utreisande studentmobilitet (grad- og utvekslingsmobilitet saman), i Ungarn er prosentdelen mobile studentar mykje lågare enn 20 prosent – altså ein av dei lågaste frekvensane i EU. I Luxembourg må dessutan alle bachelorstudentar på Luxembourg-universitetet studere eit semester utanlands. Difor er det mange bilaterale avtaler (hovudsakleg ERASMUS+), og opphaldet utanlands er organisert på ein rutinemessig måte, medan det er mykje meir individualisert i Ungarn. I Luxembourg blir det å studere utanlands sett på som ein tradisjon (fordi det fyrste offentlege universitetet i landet blei grunnlagt så seint). I Ungarn har derimot studentmobilitet meir og meir blitt ei «sosial forventning» for dei som har god sosioøkonomisk bakgrunn.

Frå det Luxembourgske caset lærer vi korleis institusjonell støtte og etablerte strukturar legg til rette for studentmobilitet og den innleiande overgangsperioden: til dømes bilaterale avtaler, informasjons- eller studentervicekontor og administrativ støtte – inkludert kompetente universitetsmedarbeidarar, men òg etablerte nettverk utanlands. Andre viktige støttefaktorar er språkkunnskapar, som gjev språkleg tryggleik med tanke på mobilitet. Studentar frå begge landa legg vekt på dette.

Både for Luxembourg og Ungarn kan ein identifisere permanente relasjonar (sosiale nettverk, inkludert familieband) på den eine sida som ein positiv faktor for mobilitet fordi dei gjev både emosjonell og instrumentell støtte. I dataa for Luxembourg finn vi òg at personlege nettverk fremjar mobilitet og gode mobilitetsopplevingar når gode vener har høve til å reise utanlands saman, eller viss dei har høve til å knyte seg til nettverka i utlandet (solide og utbreidde luxembourgske studentforeiningar mange stader i Europa der det finst universitet). På den andre sida kan tette sosiale band heime vere ein faktor som hindrar mobilitet sidan dei held unge menneske heime. Teknologisk utvikling gjev samtidig ulike kommunikasjonskanalar som gjer det lettare å flytte utanlands og gjev høve til kontinuerleg kommunikasjon under heile opphaldet i utlandet.

Ein hindrande faktor når det gjeld mobilitetsopplevingar, er mangelen på økonomisk støtte fordi Erasmus+-stipendet sjeldan er nok til å dekkje heile opphaldet i utlandet. Når det gjeld gradsmobilitet, er dessutan prosessen med å godkjenne utanlandske vitnemål på arbeidsmarknaden innanfor EHEA ikkje fullført enno, og kunnskapsoverføring frå utlandet er eit problematisk spørsmål fordi vitnemål (eller eksamenar) frå utlandet ikkje alltid blir anerkjende på same nivå som innanlandske (eller det er krav om ekstra opplæring/kurs).

Mobilitet for frivillig arbeid

Mobilitet for frivillig arbeid blei analysert for Tyskland og Romania. Dei to landa blei valde på grunnlag av ulike historiske, økonomiske og kulturelle aspekt med tanke på mobilitet for frivillig arbeid. Medan Tyskland har veletablerte, institusjonaliserte nasjonale program for frivillig ungdomsarbeid, innførte Romania praksisen med frivillig arbeid etter at kommunismen fall, og mobilitet for frivillig arbeid blir framleis til ved hjelp av nasjonale organisasjonar, ikkje-statlege

organisasjonar og media gjennom promotering blant innbyggjarane.

Den tyske casestudie-analysen viser at unge menneske er meir kjende med spesifikk informasjon om denne typen mobiliteten. Dette sikrar dei mot uventa hendingar og gjev dei høve til å vere betre informerte om sin eigen mobilitet. For nokre unge rumenarar er dette vanlegvis det fyrste mobilitetsprogrammet av denne typen, og fordi mobilitet for frivillig arbeid berre er utvikla nyleg, har unge menneske færre personlege relasjonar til menneske som har vore eller er involvert i han. Casestudie-analyse viser at mange unge rumenske frivillige etter den fyrste opplevinga kjenner seg oppmuntra til å involvere seg i andre frivillige aktivitetar, også i land lenger unna, inkludert under utfordrande tilhøve.

Eit av særtrekka ved mobilitet for frivillig arbeid er årsaka til at unge menneske vel det. For nokre unge menneske er det eit resultat av eit ynskje om å ta ein pause frå tidlegare og formelle kontekstar, interesse for nye opplevingar og å utforske eit nytt miljø og profesjonell motivasjon. For andre, både i Tyskland og Romania, gjev denne mobiliteten unge menneske høve til å førebu seg på ein gradvis overgang frå skule til arbeid eller frå skule til vidare studium sidan det gjev dei meir tid til å førebu dei neste stega.

Denne mobilitetstypen bidreg til sjølvrefleksjon og påverkar på eit sosialt og personleg nivå. Resultata av denne analysen peikar på eit anna særtrekk ved mobilitet for frivillig arbeid blant unge menneske, nemleg fordelane med å gjere synspunkta på kompleksiteten til verda dei unge menneska lever i, rikare og meir allsidige. Slik utviklar dei eit ynskje om å bli altruistiske og bidra med arbeidet sitt.

Casestudiane som er analyserte, viser at for mobilitet for frivillig arbeid er personlege nettverk ein viktig fremjande faktor for å gjere slik mobilitet meir populær. For dei rumenske casestudiane var Europeisk volontørtjeneste ei effektiv ramme for både utreisande og innreisande mobilitet. Både i Tyskland og Romania blir store grupper av unge menneske engasjerte i frivillig arbeid utanlands etter eksempel frå andre, og risikoen for å bli (geografisk) skild frå vener og kjende er ein faktor som bidreg til at dei involverer seg i same aktivitet i utlandet. Vener og kjende gjev òg rettleiing og støtte under mobilitet for frivillig arbeid.

Lite økonomisk støtte og mangel på finansiering er viktige hindrande faktorar for mobilitet for frivillig støtte. Resultata indikerer at unge menneske må vite kvar dei kan få finansiering, og korleis finansieringslandskapet på dette feltet ser ut. For å vere mobile må dei vite om ulike organisasjonar som kan tilby ein eigna finansieringsstruktur, leite etter sponsorar frå dei personlege nettverka sine, be om støtte frå familien eller stole på eigne oppsparte midlar.

Sysselsetjingsmobilitet

Dei to landa som blei valde for sysselsetjingsrelatert mobilitet, var Noreg og Luxembourg. Dei to landa har likskapar (fleispråklege, solide økonomiar), men òg ulikskapar (Noreg er ikkje ein del av EU; Luxembourg har ein svært høg prosentdel pendlarar og immigrantar i arbeidsstyrken). Vi forska mest på innreisemobilitet til dei to landa, som omfattar å «kome for ein konkret jobb» og å «kome for å søkje etter ein jobb». Medan dei som kjem for ein konkret jobb, har den naudsynte språkkompetansen, er dette ikkje alltid tilfellet for dei som kjem og søkjer etter ein jobb. Dei må ofte forbetre språkkunnskapane fyrst for å få seg arbeid.

På same måten som for tidlegare funn innanfor migrasjonsforskning spelar den sosioøkonomiske situasjonen i heim- og vertslandet ei viktig rolle. Avgrensa moglegheiter på arbeidsmarknaden og låge løner er hovuddrivkreftene for å forlate heimlandet. For nokre unge menneske – spesielt når det gjeld Luxembourg – er det fleispråklege miljøet ein tiltrekkingsfaktor, og mobile ungdomar ser òg på arbeid i Luxembourg som ein tiltrekkingsfaktor for å utvikle den personlege konkurranseevna internasjonalt. Når det gjeld Noreg, nemner mobile ungdomar ofte det positive inntrykket av den skandinaviske livsstilen samanlikna med landet dei kjem frå, eller med andre europeiske land. Dette ser ut til å påverke avgjerda til unge menneske om å vere mobile og valet deira av destinasjonsland. Norsk natur, livsstil, sosiale tilhøve i landet, kultur og arbeidsmoglegheiter er

hovudårsakene mobile ungdomar nemner for avgjerda om å flytte til Noreg.

Kunnskapen om kulturforskjellar omfattar personleg utvikling og endringar i sosiale relasjonar. For Luxembourg derimot vart det òg klart at nokre unge menneske omtalar dei personlege nettverka og livet i mottakslandet kritisk som liv i bobler, enten mellom luxembourgarane og emigrantane eller mellom dei ulike nasjonale gruppene på grunn av den høge prosentdelen utanlandske sysselsette og arbeidarar.

Til forskjell frå andre mobilitetstypar er sysselsetjingsmobilitet primært bestemt av individuelle ressursar. Dei unge menneska i utvalet søkjer ikkje etter støtte frå organisasjonar eller bedrifter, og dei er ikkje klar over program for sysselsetjingsmobilitet innanfor EU. Som eit resultat av dette kan ein sjå på mangelen på informasjon og kunnskap om program for sysselsetjingsmobilitet, spesielt blant unge arbeidarar, som hindringar for mobilitet fordi folk berre kan utnytte personlege ressursar. Difor er personlege nettverk avgjerande for unge sysselsette for å overvinne byråkratiske hindringar og for å støtte unge menneske både økonomisk og emosjonelt med sysselsetjingsmobilitet.

Vi fann òg erfaringar med ulik behandling på arbeidsmarknaden i kryssingspunktet mellom å «vere ung» og å «vere ny i jobben» med tanke på respekt, anerkjenning og vern. Mobile ungdomar må ofte starte nedst på arbeidsmarknaden i vertslandet trass i kvalifikasjonane og kunnskapane sine. Unge menneske som byrjar på arbeidsmarknaden, er ofte underbetalte eller får ikkje betaling i det heile, eller dei blir sette til å utføre for omfattande oppgåver som ikkje samsvarar med jobb kvalifikasjonane deira. Som eit resultat av dette kan unge menneske bli «dekkvalifiserte» for å kunne starte i ein jobb. Dei må gå gjennom fleire rundar med praktikantarbeid eller fullføre traineeprogram før dei faktisk blir tilsette. Andre må arbeide gratis i organisasjonar for å få erfaring som er naudsynt for ein jobb, og parallelt med dette ta ekstrajobbar for å betale for husvære, mat osv.

Samstundes er arbeid utanlands for dei fleste intervjuobjekta forbunde med meir autonomi og sjølvstende, slik at mobilitet tyder frigjering frå for tette personlege relasjonar. Casestudiane våre viser at sysselsetjingsmobilitet blir eit vendepunkt og markerer ein overgang til vaksenlivet. I løpet av denne fasen lærer unge menneske å ta ansvar for seg sjølve og å skaffe seg grunnleggjande evner til å finne løysingar i ukjende situasjonar.

VET-mobilitet

For forskning på mobilitet innanfor rammene av yrkesopplæring (*vocational and educational training* - VET) vart to land valde ut for nærare analyse: Spania og Tyskland. Desse landa utgjer to motpolar når det gjeld økonomiske tilhøve for unge menneske og VET-relaterte reguleringar i Europa.

Mobilitet innanfor yrkesopplæring og -praksis utgjer eit av dei nyaste feltene med høvesvis låge deltakingsfrekvensar. Det er difor lite forskning som berre handlar om dette feltet. Mobilitet under yrkesopplæring varierer svært mykje på grunn av dei ulike innføringspraksisane for mobilitetsprogram i Tyskland og Spania, og det same gjer mobilitetserfaringane til tyske og spanske lærlingar.

Tysk mobilitet er i stor grad dominert av «alt-inkluderande» gruppemobilitet på gjennomsnittleg fire veker som er styrt av høvesvis lite fleksible forskrifter i det tyske VET-systemet (til dømes den stramme tidsplanen på grunn av opplæring både på skulen og arbeidsplassen) og tilrettelagd ved hjelp av eit nasjonalt nettverk av profesjonelle rådgjevarar som er unikt i Europa. Sjølv om tyske lærlingar set stor pris på denne lettvinde måten å reise utanlands på, avdekkjer resultatane òg at det avgrensar handlingsrommet til dei unge menneska.

Spansk mobilitet er derimot i stor grad organisert på individuelt nivå og varer vanlegvis minst tre månader fordi han skjer innanfor den obligatoriske «praksisperioden» ved slutten av den skulebaserte opplæringa i utlandet. Erasmus+-finansieringa er ikkje tilstrekkeleg til å dekkje alle

kostnadene for desse langtidsopphalda (og utbetalingane er ofte utsette til dei kjem heim). Som eit resultat av dette er mobilitet eit spørsmål om pengar for spanske ungdomar, så dei er avhengige av familie eller anna støtte. I tillegg er rådgjeving ofte privat og må betalast individuelt. Spanske ungdomar klagar på mangel på rådgjeving om Erasmus+-mobilitet og utilstrekkeleg støtte. Administrasjon og byråkrati er hindringar. For å redusere arbeidsbyrda tilpassar til dømes nokre offentlege mobilitetsrådgjevarar på spanske VET-skular talet på deltakarar til koordineringskapasiteten sin, ikkje til grensene for programmet.

Fordi deltakarane i tysk gruppemobilitet er integrerte i grupper og oppheld seg kort tid i utlandet, og fordi spanske VET-studentar har heildags arbeidsprogram, er det lite tid til overs for møte med andre kulturar i destinasjonslandet.

Valet av deltakarar er i stor grad basert på skuleresultat og språkkunnskapar, og det ekskluderer unge menneske som har vanskar med skule og praksis, men som kan ha svært stor nytte av mobilitet.

Alt i alt er det framleis lite kunnskap om mobilitetsalternativ under lærlingperioden.

Elevmobilitet

Funna om elevmobilitet er baserte på casestudien om mobilitet i Noreg og Ungarn. Sjølv om Noreg ikkje er EU-medlem, har landet vore med i fleire EU-utvekslingsprogram for å gje elevane og studentane mobilitetsalternativ under utdanninga (til dømes Comenius, Leonardo og Erasmus+).

Kortsiktig gruppemobilitet blir ofte sett på som den mest effektive måten å utvikle språkkunnskapar på (språkkunnskapar blir ofte sett på som svært viktige, og dei påverkar val av land), kortsiktig mobilitet bidreg til å forstå andre kulturar og reduserer risikoen for å miste koplinga frå til dømes familien eller andre kontekstar.

I tillegg er lengre elevmobilitet meir utfordrande på grunn av aukande institusjonelle hindringar. I Ungarn påverkar til dømes ei slik utveksling den juridiske statusen til eleven i heimeinstitusjonen på grunn av statlege reguleringar (dei har ikkje høve til å opphalde seg utanlands i ein lengre periode under studiane i heimlandet). Eleven har to alternativ i dette tilfellet: Enten blir statusen suspendert til vedkomande vender tilbake til skulen i heimlandet, eller eleven fullfører utdanninga som privatist, som er ein kompleks prosedyre. I Noreg er det sterkare institusjonell støtte (t.d. økonomisk støtte frå Lånekassen til elevar, og informasjonsstøtte til skular frå Senter for internasjonalisering av utdanning er svært viktige), i tillegg til meir oppmuntring for elevmobilitet. Det blir gjeve meir informasjon på skulane, og fleire skular samarbeider med selskap som støttar individuell elevmobilitet.

Difor spelar institusjonar ei viktig rolle når det gjeld administrasjon av papirarbeid. Intervjua med elevar understreker at administrative og byråkratiske hindringar er typiske, i tillegg til vanskar med å få tilgang og informasjon om ulike utvekslingsprogram (strukturell ulikskap). Som eit resultat av dette er unge menneske ofte avhengige av hjelp frå slektningar (finansiell og emosjonell støtte), pengar dei har spart opp før avreise, og byråkratisk støtte frå institusjonar.

Alt i alt indikerer resultatata frå analysen av elevutveksling i Noreg og Ungarn at frå perspektivet til mobile ungdomar hjelper relasjonar til unge menneske av same nasjonalitet dei med å takle negative følgjer av mobilitet; til dømes heimlengt, kjensler av framandgjerjing, kulturforskjellar, utryggleik, språkbarrierar og andre utfordringar. På den andre sida ser mobile ungdomar på sosiale relasjonar med unge menneske av same nasjonalitet som ein hindrande faktor for å lære om og forstå andre kulturar. Mobile elevar fortel ofte at dei er saman med elevar av same nasjonalitet og fortset med same kulturelle praksis, slik at dei – for det meste utilsikta – skapar ein slags «diaspora» innanfor konteksten av elevmobilitet.

Gründermobilitet

To land blei valde ut for casestudien om gründermobilitet: Spania og Romania. Casestudiane både for Spania og Romania viser til gründerrelatert utreisemobilitet. Når det gjeld Romania, har ein del av den internasjonale mobiliteten som mål å auke den forretningsorienterte ekspertisen til unge menneske for å bruke kunnskapen og erfaringane i heimemiljøet. I andre tilfelle var mobiliteten retta mot å starte ei bedrift i utlandet eller drive forretningsverksemd i utlandet som resultat av ein konkurranse, eit tilskot osv., og deretter å vende heim for å konsolidere/utvikle ei bedrift. Nokre av dei unge gründerane som blei intervjuet, hadde òg starta ei bedrift som opererte på internasjonalt nivå.

Når det gjeld særtrekka til gründeraktivitet blant ungdomar, viser dei fyrste resultata at unge gründerar meiner at det å starte ei bedrift er ein milepåle i karrieren deira som gjev dei verdifull kompetanse og auka ekspertise for å drive ei bedrift.

Resultata indikerer òg forskjellane mellom Spania og Romania når det gjeld gründermiljøet med tanke på å vende tilbake til heimlandet eller bli verande i utlandet.

Når det gjeld rumenske gründerar, avdekte analysen at mobilitet for gründerformål ofte er utløyst av at unge menneske er interesserte i profesjonell utvikling og i å utforske nye forretningsmogelegheiter. I nokre av desse tilfelle vart gründerideen til dei rumenske intervjuobjekta inspirert av ein kombinasjon av andre mobilitetstypar, som studiar, frivillig arbeid, til dømes i eit NGO-miljø, eller arbeidserfaring som tilsett. Fleire av intervjuobjekta var inspirerte av vener og kjende eller mentorar. Dei fleste rumenske intervjuobjekta framhevar at det var viktig med spesifikke personlege eigenskapar, som mot, stå-på-vilje, ambisjonar, vilje til å ta risikoar og evne til å takle motstand.

Resultata for gründermobilitet når det gjeld Spania avdekkjer at spanske gründerar vanlegvis ikkje vurderer å reise heim att for å starte eller fortsetje ei bedrift på grunn av ei vanskeleg sosioøkonomisk atmosfære for gründerar samanlikna med andre land i Europa. Data som blei samla inn for casestudien i Spania, peikar på kjønnsaspektet. For nokre kvinner er ikkje gründeraktivitet noko dei kan eller vil drive med over lang tid, fordi det er vanskeleg å kombinere det med familieliv, og fordi dei verken kan eller vil ha ein slik arbeidsrytme over lengre tid. Utdanningsbakgrunn spelar òg ei rolle for om ein lukkast med gründermobilitet. Resultata for casestudien viser at folk utan utdanning og/eller bakgrunn innanfor forretningsverksemd ikkje er klar over kor komplekst det er, og i tillegg kjem den byråkratiske konteksten (mangel på kunnskap/informasjon om administrative prosessar og kostnader, til dømes helseforsikring), noko som fører til høgare kostnader og skattar.

Funna indikerer òg nokre fellestrekk for dei to landa og gjer at vi kan trekkje nokre generelle konklusjonar om gründermobilitetstypen. For det fyrste er finansieringsressursar eit krav for gründeraktivitet i begge landa og for gründermobilitet generelt. Resultata av casestudie-analysen viser at unge menneske opplever ein mangel på tilgjengelege økonomiske ressursar, eigenkapital og lånekapital, og som eit resultat av dette utviklar dei sine eigne strategiar for å overvinne denne hindringa. Nokre unge gründerar fekk økonomisk støtte frå vener eller familie i byrjinga, medan eit mindretal av intervjuobjekta brukte personleg oppsparte midlar for å starte bedrifta. For det andre reknar unge gründerar som har starta eller vil starte ei bedrift i eit anna land, det å kunne språket og å vere klar over interkulturelle aspekt som faktorar som gjer det lettare å starte opp.

Alt i alt er gründerrelatert mobilitet ofte knytt til andre mobilitetstypar og/eller er eit resultat av ein kombinasjon av mobilitetstypar.

1. Auke kvaliteten på og tilgangen til makrodata om ungdomsmobilitet for Europa

Når ein vurderer dei grunnleggjande regionale forskjellane i EU med tanke på fordelinga av sosioøkonomiske makrofaktorar, bør ein analyse av ungdomsmobilitet ikkje berre handle om det nasjonale nivået.

- ❖ Ungdomsmobilitetsdata på regionalt nivå (Eurostat NUTS 2 eller NUTS 3) bør difor vere tilgjengelege.

Berre nokre av MOVE-partnarane (Tyskland, Luxembourg og Noreg) kunne samle inn tilleggsdata frå dei nasjonale statistikkbyråa om ungdomsmigrasjon basert på registreringsdata. Det var likevel vanskeleg å få tilgang, og det gav ekstra utgifter.

- ❖ Viss samanliknbare migrasjonsdata for alle europeiske land var tilgjengelege, ville det vere til svært stor hjelp for mobilitetsforskning i framtida.

Det er generelt eit behov for ein påliteleg og fritt tilgjengeleg sekundærdatabase for ungdomsmobilitetsdata i Europa. Databehova for tilgjengelege makrodata om ungdomsmobilitet er

- nyare makrodatasett
- gyldig informasjon om proporsjonar for innreisande og utreisande ungdomsmobilitet for kvart land
- innsamling av årsaker til og lengd på mobilitet
- informasjon om opphavsland og destinasjonsland
- regionale mobilitetsdata (NUTS 2 eller 3)
- enklare tilgang til datasett

2. Utvikle målretta europeiske strategiar for ulike mobilitetstypar og landmønster

Det er behov for separate europeiske strategiar for ulike landmønster for å dekkje dei individuelle interessene til medlemsstatane. Finansiell støtte (til dømes Erasmus) bør difor ikkje bli tildelt likt for alle EU-land, men bør tilpassast dei spesielle behova til kvart land (til dømes fremje innreisande studentmobilitet eller fremje utreisande mobilitet generelt).

Sentrum–periferi-modellen framhevar effekten av at på grunn av internasjonaliseringa av studiar og innføringa av Bologna-reforma er periferi-utreiselanda attraktive mottaksland for innreisande studentmobilitet, og ekstra spesifikk støtte for periferien verkar lovande. Dessutan bør spesielt periferi-utreiselanda støttast når det gjeld å flytte menneskeleg kapital som er skapt ved hjelp av mobilitetsepisodar – til dømes ved å finansiere praktikantprogram for retur av unge menneske til heimlanda. Viss ikkje er det risiko for at ungdomsmobilitet òg kan fremje ei asymmetrisk, økonomisk autokatalytisk utvikling mot stadig aukande nasjonale ulikskapar og forskjellar mellom EU-medlemsstatane.

For mobilitetsfremjarane (til dømes Romania og Ungarn) bør ein auke støtta og den økonomiske stønaden til studentutvekslingar i tillegg til tilgangen for studentane til utdanningsprogram i utlandet for å auke utreisande studentmobilitet. Dette kan fremjast ved å tilby betre informasjon, auke samarbeidet med nye EU-institusjonar for forskning og høgare utdanning og ved å forbetre prosessane for godkjenning av vitnemål. For å auke innreisande studentmobilitet er mogelege policy-tiltak å utvikle internasjonale studieprogram/kurs på universitet, drive kampanjar for eksisterande internasjonale program over heile Europa og i tredjeland og tilby tilstrekkeleg husvære og administrativ støtte for innreisande studentar.

For mobilitetsutnyttarane (til dømes Tyskland, Noreg og Luxembourg) må fleire mobilitetstypar og -trinn oppmuntrast ved å tilby tiltak for integrering i arbeidsmarknaden ved retur frå studiemobilitet. Det er samtidig viktig å vere merksam på at dette tiltaket kan føre til eit spent tilhøve til mobilitetsfremjarane.

3. Redusere strukturelle hindringar, tilby målretta og individualisert støtte

Anbefalingar for mobilitet i høgare utdanning – studentmobilitet

Når ein ser på resultatane frå Luxembourg og Ungarn samla, kan ein identifisere desse tiltaka til støtte for studentmobilitet: Fordi studentmobilitet innanfor Europa for det meste har kortvarig karakter, altså at studentar berre er eitt eller to semester på ein institusjon i utlandet, er ein velutvikla institusjonell støttestruktur svært viktig. Dette inkluderer nok òg kompetente medarbeidarar som leverer informasjon i rimeleg tid, både ved heime- og mottaksinstitusjonar. Etablerte og transparente prosedyrar gjer steget til realisert mobilitet enklare både for studentar og institusjonar.

Fordi ikkje alle landa støttar studentar med statstilskot, er det avgjerande å auke talet på stipend for å gje høve til mobilitet for fleire studentar. Samstundes bør mobilitetsstipendet (Erasmus+) justerast – spesielt for studentar frå mindre velstående land, som truleg vil reise til dyrare destinasjonar. I samband med dette kan det vere eit godt forslag å oppdatere landgruppene med tanke på talet på stipend som blir tilbode (Luxembourg er til dømes i den andre gruppa sjølv om det er eit av dei dyraste destinasjonslanda i Europa).

Når det gjeld studentmobilitet, kan dessutan tilstrekkelege språkkunnskapar gjere opphaldet utanlands lettare. Ein bør leggje meir vekt på språkopplæring både før og under opphaldet. Ein kan oppnå betre språkopplæring ved hjelp av (1) betre integrering av utanlandske studentar på vertsinstitusjonane og (2) meir kontakt med lokale studentar, som òg vil gje høve til kulturutveksling. På noverande tidspunkt har utvekslingsstudentar fleire kontaktar blant si eiga nasjonale gruppe enn med lokale studentar.

Sjølv om det er mest merksemd rundt kortare utvekslingsopphald (til dømes Erasmus-utveksling), bør institusjonane ikkje gløyme studentar som studerer på grader i utlandet, og som treng anna støtte enn vanlege studentar frå vertslandet.

Det bør òg setjast i verk fleire tiltak for å gje høve til rask og enkel godkjenning av utanlandske (EHEA) vitnemål og studiepoeng (ECTS) i andre europeiske land.

Anbefalingar for mobilitet for frivillig arbeid

Basert på analysen av casestudiane som er utført i Tyskland og Romania, gjeld dei følgjande anbefalingane hovudsakleg forbetring av institusjonelle rammeverk for å legge til rette for mobilitet for frivillig arbeid i Europa.

Ei av dei største hindringane for mobilitet for frivillig arbeid er ikkje mangelen på finansiell støtte, men informasjon om tilgang til slik støtte. Vi anbefalar difor å formulere mobilitet for frivillig arbeid som velgjerd ved å leggje vekt på resultatet (fremjar aktivt samfunnsengasjement og sosialt ansvar og stimulerer personleg og profesjonell utvikling) og samstundes styrke sosial og økonomisk støtte til unge frivillige ved å gjere informasjon om mogelege finansieringsstrukturar transparent og tilgjengeleg.

Anbefalingar for sysselsetjingsmobilitet

Som vi har forklart i avsnittet om funn, er sysselsetjingsmobilitet til forskjell frå andre mobilitetstypar svært individualisert og inkluderer personar som kjem for ein konkret jobb, og andre som kjem for å

søkje etter ein jobb.

Unge menneske er ikkje klar over eksisterande program og søker sjeldan etter støtte frå organisasjonar og institusjonar for å bli mobile for arbeidsformål. Vi anbefalar difor å gjere eksisterande program for jobbstartarar meir kjende blant unge menneske som er i ferd med å fullføre utdanninga, ved hjelp av eit nærare samarbeid mellom sysselsetjingstenester, bedrifter, utdanningsinstitusjonar og ungdomssenter.

Det er eit stort behov for å støtte unge menneske med å kome seg inn på arbeidsmarknaden når dei har fullført studia. Mangelen på arbeidserfaring blir rekna som ei av dei største hindringane for at unge menneske skal bli sysselsette for fyrste gong. Når det gjeld Luxembourg, har vi sett at nokre bedrifter utviklar spesialprogram for unge nyttilsette. Det er spesielt viktig med tanke på sysselsetjingsmobilitet, og slik støtte kan styrkje internasjonal kompetanse og auke kunnskapane til unge menneske for framtida. Dette tiltaket kan redusere ulik og diskriminerande behandling av unge menneske på arbeidsplassen og redusere dekkvalifisering av unge menneske som tek jobbar dei er overkvalifiserte for for å få arbeidserfaring.

Fordi sysselsetjingsmobilitet hovudsakleg blir sett på som individualisert, kan støtte gjennom denne prosessen vere nyttig for å takle byråkratiske utfordringar. For dette anbefalar vi å opprette velkomstsenter/informasjonsplattformer spesielt for unge arbeidarar i tilkomstlanda. Tilgang til informasjon om samfunnet, korleis det er bygd opp, institusjonar, nyttig informasjon om husvære, bankar og så vidare kan redusere stress knytt til å kome til ein ny plass og ukjende omgjevnader.

Anbefalingar for VET-mobilitet

Som nemnt varierer VET-mobilitet svært mykje på grunn av ulik innføringspraksis for mobilitetsprogram. Difor må mange anbefalingar vere landspesifikke.

Generelt er det behov for å spreie informasjon om VET som eit mobilitetsfelt blant unge menneske, bedrifter, lærarar og foreldre for å auke mobilitetsfrekvensen til lærlingar. Oppretting av nasjonale nettverk av mobilitetsrådgjevarar og innsats for institusjonelle nettverk, med Tyskland som eit godt døme, kan reknast som lovande steg i denne retninga. I Tyskland må desse nettverka og strukturane gjerast meir levedyktige.

Med tanke på kapasiteten deira for inkludering i arbeidsmarknaden støttar mobilitetsprogram «integrering av dei integrerte» på grunn av innføringspraksisen i dag. For at ungdomar med få kvalifikasjonar og vanskeleg bakgrunn òg skal dra nytte av mobilitet, må spesifikke program som «Integrering gjennom utveksling» etablerast på nytt og utvidast. I Spania fører den store økonomiske belastninga for mobilitet for enkeltpersonar til at sosiale forskjellar aukar. Dette bør ein løyse til dømes ved å innføre finansiering av dei reelle kostnadene (avhengig av mobilitetslengda) og overføre midlane til VET-studentane før dei reiser.

I Tyskland er det behov for å gje unge menneske meir spelerom, til dømes ved å fremje og gje fleksibel støtte til sjølvorganisert mobilitet.

For begge dei analyserte landa bør ein gje meir spelerom for møte med lokale og andre tilreisande. I tillegg bør ein gje høve til kontakt mellom ungdomar som er interesserte i mobilitet, og med dei som har erfaring med mobilitet (rollemodellar), for å auke kunnskapen om og å oppmuntre til å delta i mobilitet.

Språkkunnskapar er eit sentralt krav for å delta i mobilitetsprogram. Dette bør ein ta omsyn til ved å redusere språkbarrierar i mobilitetsprogram og generelt betre den praktiske opplæringa i framandspråk på skulen.

Anbefalingar for elevmobilitet

For dei fleste elevar er elevmobilitet den fyrste mobiliteten. Difor blir støtte og assistanse sett på som avgjerande for å utvikle ein mobilitetskultur blant unge menneske. Betre organisering av prosedyrar både i utdanningsinstitusjonar og i vertsfamiliar er å anbefale. Tiltak som er meir didaktiske, bør rettast inn mot ikkje-akademiske pensum: sosiale møte der unge menneske blir kjende med nye kulturar, tradisjonar og språk. Slike aktivitetar bidreg til å skape mobilitetserfaring og å fremje framtidig mobilitet.

Elevmobilitet er ofte kostbart, og elevar med lågare sosioøkonomisk status har ofte vanskeleg for å få råd til det. Vi foreslår difor å diversifisere finansieringsplanen basert på sosial status. Eit anna mogeleg tiltak er å innføre nye mogelegheiter for stipend for vanskelegstilte elevar for å betre framtidsutsiktene deira ved hjelp av utdanning.

Det vil spesielt auke interessa for elevmobilitet frå land med lågare økonomisk standard.

Andre anbefalingar gjeld administrative aspekt: Trass i at dei fleste elevane registrerer seg for utveksling via organisasjonar, er det framleis mangel på informasjon om prosessen. Ein anbefaler difor å spesifisere informasjon om utvekslingsprogram og tilgang til dei. Det gjeld òg godkjenning av pensum, likeverdige karakterar og forenkla godkjenning av studiepoeng frå utlandet under mobiliteten.

Anbefalingar om gründermobilitet

Som resultata frå Romania og Spania har indikert, er gründermobilitet skjørt og sensitivt for sosioøkonomiske endringar både i utreise- og mottakslanda. Som eit resultat av dette blir det anbefalt å auke tilbodet om kurs om oppstart av bedrifter for å støtte interessa for gründermobilitet.

Det blir anbefalt å utvide og diversifisere mogelegheitene for finansiering og å gjere informasjon om tilgang til økonomiske ressursar meir transparent. Det siste gjeld gründertilskot og dessutan mobilitetstilskot, som inkluderer flyttekostnader, tilrettelegging for å bu i destinasjonslandet og så vidare.

Programmet «ERASMUS for Young Entrepreneurs» har vore effektivt for nokre av dei rumenske intervjuobjekta ved at det tilbyr naudsynt finansiering for internasjonal mobilitet, som er relevant for gründerinteressene til unge menneske. Nokre intervjuobjekt la vekt på at både nasjonale og europeiske styresmakter må reklamere for og overvake programmet betre. Difor anbefaler vi å harmonisere gründerrelatert lovgjeving i EU-land for å oppmuntre ungdom til gründeraktivitet og internasjonal mobilitet for dette formålet.

Gründermobilitet har ein svært ujamn kjønnsbalanse. Difor anbefaler vi å støtte gründeraktivitet blant kvinner ved å opprette støttestrukturar og program for kvinnelege gründerar, spesielt med familiar.

Gründermobilitet blir hindra av for omfattande byråkratiske prosedyrar når det gjeld naudsynte dokument for å opprette ei bedrift. Prosessen er endå meir kompleks på grunn av nye språk i destinasjonslanda. Nettbaserte prosedyrar og informasjon om skatt, forsikring osv. på fleire språk på sosiale medium kan difor fjerne nokre av hindringane.

Det overordna målet til MOVE er å tilby forskingsbaserte bidrag for å betre tilhøva for mobilitet av unge menneske i Europa og å redusere dei negative konsekvensane av mobilitet ved å identifisere god praksis for å fremje ei berekraftig utvikling og velvære.

Det viktigaste forskingsspørsmålet er: Korleis kan mobiliteten til unge menneske vere bra både for den sosioøkonomiske utviklinga og for den individuelle utviklinga til unge menneske, og kva for faktorar fremjar/hindrar slik positiv mobilitet?

Basert på tverrfagleg forskning på fleire nivå er hovudmåla til MOVE å

1. gjennomføre ein omfattande analyse av fenomenet mobilitet blant unge menneske i EU
2. generere systematiske data om mobilitetsmønstra til unge menneske i Europa basert på casestudiar, ei spørjeundersøking om mobilitet og sekundærdataanalyse
3. tilby ein kvantitativ, integrert database om europeisk ungdomsmobilitet
4. tilby eit databasert teoretisk rammeverk der mobilitet kan kome i søkjelyset og dermed bidra til vitenskaplege og politiske debattar
5. utforske faktorar som fremjar og faktorar som hindrar god praksis basert på ei integrativ tilnærming med kvalitative og kvantitative bevis
6. tilby bevisbasert kunnskap og anbefalingar for beslutningstakarar ved å utvikle modellar for god praksis for å
 - a. gje forskingsbaserte anbefalingar for intervensjonar for å leggje til rette for og betre dei institusjonelle, juridiske og programmatisk rammene for mobilitet med tanke på ulike former for og typar av mobilitet, og tilhøva/avgrensingane for mobilitet for unge menneske i Europa
 - b. gje råd og ekspertise til dei landa som har vesentlege utfordringar med geografisk mobilitet for unge arbeidrar

Overordna tilnærming og metodologi

MOVE er basert på ein tverrfagleg forskingsmodell på fleire nivå. På mikronivået handlar prosjektet hovudsakleg om unge menneske, flytting på tvers av grenser og kva som er dei fremjande og hindrande faktorane for dette. På makronivået har vi teke omsyn til organisasjonsfeltet til dei respektive typane av mobilitet innanfor dei eksisterande nasjonale og internasjonale forskriftene. Til slutt er dei sosiale og økonomiske dataa kombinerte på makronivået og analyserte med tanke på mobilitetssituasjonen til unge menneske.

Forskningsprosjektet MOVE består av seks arbeidspakkar som i tillegg til administrasjonspakken (WP 1) omfattar sekundærdataanalyse (WP 2, sjå ovanfor), seks casestudiar om ulike former for mobilitet (WP 3, sjå ovanfor), ei spørjeundersøking om praksis, erfaringar og påverkingsfaktorar for mobilitet basert på eit tottrinns utval, inkludert eit panel (n = 5499) blant mobile og ikkje-mobile ungdomar og eit snøballutval (n = 3207) blant mobile ungdomar (WP 4), triangulering av kvalitativ og kvantitativ analyse (WP 5) og ein arbeidspakke (WP 6) for kommunikasjon, spreiding og bruk.

Casestudiane er baserte på seks relevante typar av ungdomsmobilitet i Europa som er beskrivne tidlegare i denne policybriefen:

1. studentmobilitet for høgare utdanning
2. frivillig arbeid på tvers av grenser
3. sysselsetjingsmobilitet
4. mobilitet for yrkesopplæring (VET)
5. elevmobilitet
6. gründermobilitet

Ved å leggje vekt på desse seks typane av mobilitet får vi høve til å forske på dei ulike aspekta ved mobilitet utanom strukturen til spesifikke program for ungdomsmobilitet.

PROSJEKTSKILDING

PROSJEKTNAMN	Mapping mobility – pathways, institutions and structural effects of youth mobility in Europe (MOVE)
KOORDINATOR	Prof. Dr. Ute Karl, UNIVERSITE DU LUXEMBOURG, Luxembourg, ute.karl@uni.lu (til 15.3.2017); Assoc. Prof. Dr. Birte Nienaber, UNIVERSITE DU LUXEMBOURG, Luxembourg, birte.nienaber@uni.lu (sidan 15.3.2017)
KONSORTIUM	ACADEMIA DE STUDII ECONOMICE DIN BUCURESTI – ASE Bucuresti Bucuresti, Romania AGENCE EUROPEENNE POUR L'INFORMATION ET LE CONSEIL DES JEUNES ASBL – ERYICA Luxembourg, Luxembourg DEUTSCHES JUGENDINSTITUT EV – DJI München, Tyskland EURICE EUROPEAN RESEARCH AND PROJECT OFFICE GMBH – Eurice Saarbrücken, Tyskland HØGSKULEN PÅ VESTLANDET – HVL Sogndal, Noreg ILUSTRE COLEGIO NACIONAL DE DOCTORES Y LICENCIADOS EN CIENCIAS POLITICAS Y SOCIOLOGIA – ICN Madrid, Spania MISKOLCI EGYETEM – UNI MISKOLC Miskolc, Ungarn STIFTUNG UNIVERSITÄT HILDESHEIM – UH Hildesheim, Tyskland
FINANSIERINGSPLAN	Horizon 2020 Framework Programme for Research and Innovation (2014-2020), Societal Challenge 6 – «Europe in a changing world: inclusive, innovative and reflective societies», ring YOUNG-2-2014, emne «Youth mobility: opportunities, impacts, policies
TIDSPERIODE	Mai 2015–april 2018 (36 måneder)
BUDSJETT	EU-bidrag: 2 499 912,00 €
NETTSIDE	http://move-project.eu/
FOR MEIR INFORMASJON	Kontakt: Michaela Scheid, m.scheid@eurice.eu

Denne norske versjonen er ei omsetjing av den engelske originalen og har kun som føremål å informere. I tilfelle motstrid mellom versjonane vil den engelske originalen vere gjeldande.